



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Frivilligstrategi

Fjaler kommune



Mai 2025

Dei 10 frivilligpolitiske bod

Fjaler kommune ønskjer å etterleve dei 10 frivilligpolitiske bod så langt det let seg gjere:

1. Kjenn frivilligheita i kommunen din.
2. Vedta ein tverrsektoriell kommunal frivilligpolitikk.
3. Anerkjenn frivilligheita sin eigenverdi.
4. Forenkling gir meir frivilligheit.
5. Tilrettelegge for frivilligheita si eigenutvikling.
6. Skap dialog med frivilligheit.
7. Anerkjenn og støtt opp om frivilligheita sin meirverdi.
8. Gi frie midlar.
9. Ikkje konkurrer med frivilligheita.
10. Skap føreseielege vilkår for frivilligheita.





Krafta i frivillig arbeid

Drivkrafta i frivillig arbeid er kvar enkelt person si glede ved å gjere noko for sitt sosiale nettverket, sitt nærområde eller si hjartesak.

Det er dei frivillige sjølve som avgjer kva aktivitet dei bidreg med og omfanget av denne. Frivillig engasjement og dugnadsinnsats er i seg sjølv eit gode, og bidreg til livskvalitet for dei som bur i kommunen.

Frivillig innsats er viktig for å nå overordna, felles samfunnsmål og for å ta vare på viktige verdiar i samfunnet.



Kva gjer vi i dag ?

- Fjaler har eit rikt organisasjonsliv med mange frivillige som bidreg til aktivitet i heile kommunen. Mars 2025 er det **86 registrerte organisasjonar** i foreiningsportalen vår.
- Fjaler foreningsportal sin aktivitetskalender er **open** slik at alle organisasjonar kan legge ut sin aktivitet i kalenderen.
- **Infoskjermene** på Grytøyra, i Korssund på Samvirket og i Flekke kan brukast til å legge ut informasjon frå både kommunen og frivillige.
- Frivilligsentral i **100 % stilling** som er kontaktpunktet mellom kommunen og frivilligheita og driftar BUA og volontørtenesta.
- Møteplass på Samvirket (gratis utlån til opne arrangement).
- Fjaler kommune er eigar av Guddal Skule og Straumsnes Grendehus som bygdene kan bruke til sin aktivitet. Kommunen gir 40 000,- i **årleg driftsstøtte** til Straumsnes Grendehus og driftar Guddal Skule.
- Fjaler kommune er representant i Fjaler Idrettsråd.
- Fjaler kommune arrangerer årlege møter med lag og organisasjonar.



Prioriterte tiltak

Halde på og utvikle frivilligsentralen som bindeleddet mellom kommunen og frivillig sektor

- ha jamnlige møte i frivilligsentralen si ressursgruppe.
- Utarbeide mandat for ressursgruppa
- Arrangere årleg møte med frivillige lag og organisasjonar
- Arrangere årlege møte med grendalaga i kommunen
- Arrangere årleg innbyggartreff saman med frivillige

Vidareutvikle og bruke Fjaler foreningsportal

- informere og ha opplæring for frivillige lag og organisasjonar i bruk av foreningsportal, t.d på årlege møte.
- Evaluere og utvikle eigen bruk av foreningsportalen

Fjaler kommune vil bli betre på informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommunen

- Bruke dei ulike møtefora til informasjon
- Sende nyheitsbrev/informasjon til frivillige lag og organisasjoner
- Bli betre å bruke eigen sider til å informere på, t.d. om transport, serviceskyss, aktivitetar, støtteordningar.

Fjaler kommune sine lokale

- skal tilby universelt utforma lokale for aktivitet/frivillig verksemd gratis eller så rimeleg som råd til lag og organisasjonar
- utvikle retningslinjer for lån av kommunalt eigde bygg
- Utvikle Samvirket for alle aldersgrupper

Følgje opp samarbeidsplanen med Fjaler Idrettsråd

Jobbe med transport og nye skyssordningar

Fjaler kommune skal synleggjere dei satsingsområde dei ønskjer å skape meir aktivitet på.

- Kommunale avdelingar går årleg gjennom sitt arbeidsområde for å kartlegge behov og kome med døme på kvar frivillige kan kome inn med tilbod og aktivitetar. Behovet må synleggjerast for dei frivillige.
- Fjaler kommune definerer frivilligkontakter/koordinatorar på dei ulike avdelingane. Frivilligkontaktene skal ha eit fellesmøte i året.
- Kartlegge behov for frivilligheit blant innbyggjarane, t.d eldre

Årshjul

Tiltak	Ansvarleg
Januar Møte med ressursgruppa til Frivilligsentralen	Frivilligsentralen
Februar Møte med frivillige lag og organisasjonar	Frivilligsentralen
Mars Møte med Grendalaga	Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
Juni Intern evaluering av informasjonsarbeidet	Folkehelsekoodinator
Sende ut informasjons/nyheitsbrev	Folkehelsekoordinator
August Årleg innbyggartreff	Ansvarleg: Kommunalsjef kultur- og samfunnsutvikling saman med ordførar
Møte med ressursgruppa til Frivilligsentralen	Frivilligsentralen
September Evaluerer og oppdatere vilkår for utlån	Kommunalsjef kultur- og samfunnsutvikling
Einingane definere sine områder med ønske om frivillig aktivitet.	Leiargruppa ?
Oktober Intern evaluering av informasjonsarbeidet.	Folkehelsekoordinator
Gå gjennom samarbeidsplan med Fjaler Idrettsråd	Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
Desember Send ut informasjons/nyhetsbrev	Folkehelsekoordinator

Økonomi

Kommunen har i dag ikkje kulturmidlar som lag og organisasjonar kan søke på.

Vi er heldige som har Sparebankstiftinga Fjaler som deler ut gåver til allmennyttige formål til mange frivillige og kommunale tiltak.

Ikkje alle lag og organisasjonar er innanfor kriteria til Sparebankstiftinga. At kommunen heller ikkje har midlar ein kan søke på er uheldig for desse.

Tiltak, framdrift og andre økonomiske og administrative konsekvensar av frivilligpolitikken skal avklarast i årlege budsjett/handlingsplanar og i økonomiplanen.

